

Saksframlegg

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8329-1

Vurdering av trafikktryggingsutvalet - fråsegn frå FTU

Fylkestrafikktryggingsutvalet gjev følgjande uttale:

Vedlegg:

Saksframlegg frå fylkesrådmannen om vurdering av trafikktryggingsutvalet.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I møte den 28.02.15 handsama finansutvalet Økonomiplan 2016 – 19, arbeidsdokument 1. I pkt 4.2 om konkrete utgreiingar gjorde finansutvalet slikt samrøystes vedtak:

«I tillegg til utgreiingsoppdrag «Reduksjon i løyving til FTU-tiltak i kommunane» ber ein fylkesrådmannen førebu ei eiga politisk sak der ein vurderer å leggje trafikktryggingsutvalet sine oppgåver inn i hovudutval for samferdsle. Utkast til saksførelegg skal sendast FTU for uttale før saka vert fremja for politisk slutthandsaming»

Fylkesrådmannen tilrår prinsipalt at fylkestinget legg ned FTU med verknad frå oppstart av den nye fylkestingsperioden. Hovudutval for samferdsle bør i tilfelle overta oppgåvene som i dag ligg til FTU.

Subsidiært tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget endrar § 1 i reglementet for FTU, slik at FTU og hovudutvalet for samferdsle vert personidentiske.

Saksframlegg til uttale følgjer som vedlegg